

---

**Fra:** Katarina Birkeland  
**Sendt:** 25. januar 2016 20:53  
**Til:** 'Tjore, Ketil'  
**Emne:** SV: Nattcup i volleyball  
**Vedlegg:** unge arrangører.jpg

Hei

Bare hyggeleg.

Sender litt informasjon om Ungdommens kulturmønstring 2016

## **Påmeldinga til UKM 2016 er i gang**

Unge arrangørar og kommunekontaktane er i gang med planlegginga til årets lokalmønstring i UKM.

Årets mønstring går av stabelen på Nordhordland folkehøgskule laurdag 27.februar.

Påmeldinga er i gang og mange ungdommar har meldt seg på, men det er framleis plass til fleire.

Påmeldingsfristen er satt til mandag 15.februar kl. 23.00.

Ungdommens kulturmønstring er eit samarbeidsprosjekt mellom Radøy, Meland, Austrheim, Lindås, Fedje og Masfjorden.

På lokalmønstringa i Meland er det opp mot 20 unge arrangørar som er klare for å setja eit ungdomspreg på mønstringa.

UKM er ei kulturmønstring for ungdom mellom 13 og 20 år. I lokalmønstringa i Nordhordland kan du vera med frå du er 10 år til du er 20 år.

Dei deltagarane som er så heldige å bli sendt vidare til fylkesmønstringa må fylla 13 år i 2016. Fylkesmønstringa vert arrangert på Verftet 15.-17. april.

Fylkesmønstringa i år går over tre dager, men mykje moro, overnatting, workshop og show.

Du kan melda deg på i mange ulike kulturelle uttrykk. Det er berre å vera kreativ og bruka fantasien.

Du kan delta med til dømes dikt, litteratur, song, band, instrument, dans, teater, film, triksing, kunst, akrobatikk. Og du kan stilla som konferansier, og mykje meir.

Det nye frå i år er at me skal prøve med husband for dei som ynskjer det. Det er bare å ta kontakt med sin kommunekontakt for meir informasjon.

Unge arrangørar oppfordrer ungdom til å melde seg på og det er gratis å delta. Det er kjekt, lærerikt og du får møte og bli kjekt med andre ungdommar med same interesser.

Til no har fleire solister, konferansierar og band meldt seg på. Me håper på ein variasjon av interesser og håper fleire vil melde seg på.

Det hadde vore kjekt med til. dømes nokon dansseinnslag, litteratur, teater, kunst og film.

Ved eventuelle spørsmål kan ungdom kontakte sin kommunekontakt. Informasjon står på UKM si heimeside.

Bilde: unge arrangørar på planleggingsmøte i desember

Mvh  
Katarina Birkeland  
Ungdomskoordinator i Radøy

---

**Fra:** Tjore, Ketil [<mailto:ketil.tjore@strilen.no>]

**Sendt:** 23. januar 2016 17:28

**Til:** Katarina Birkeland

**Emne:** SV: Nattcup i volleyball

Hei igjen  
Takkar for tekst og foto!  
Mvh  
Ketil/Strilen

---

**Fra:** Katarina Birkeland [<mailto:Katarina.Birkeland@radoy.kommune.no>]

**Sendt:** 20. januar 2016 01:08

**Til:** ST Avisa

**Emne:** Nattcup i volleyball

Hei

Sender litt informasjon om nattcupen til Radøy ungdomsklubb fredag 15.januar

Stort oppmøte på nattcup i volleyball

Over 16 lag deltok på nattcupen til Radøy ungdomsklubb fredag 15.januar.

Dette var den første nattcupen i volleyball som klubben arrangerte og den gjekk over all forventing. Ungdommene hadde inviterte alle frå 7.klasse og oppover til 100 år til å delta på turneringa.

Den yngste speleren var 12 år mens den eldste var over 60 år som deltok.

Turneringa starta kl. 18.00 for den yngste gruppa frå 7.klasse-10.klassen.  
Her vant Nut Busters mot Manger squaden.

Kl. 20.00 starta den elste gruppa som var frå 10.klassen-100 år. 12 lag var påmeldt som spelte i fire gruppespill.

Både ungdomslag og voksnelag var meldt på, og nokon blandingslag av ungdom og eldre.  
Det kom spelere frå heile Nordhordland.

Det vart spelt gruppespil, kvartfinaler, semifinale, bronsefinale og finaler. Eit lag som utmerka seg tidlig var blandingslaget frå Radøy og Lindås "Ida og lyskasterne" der alle spelene går på VGS.

Cupen varte til dei seine nattetimer og var ikkje ferdig før kl. 03.00.

Bronsefinalen vart spelt mellom Fearless og Team Radøy, der team Radøy gjekk av med sigeren og 3.plassen.

I finalen møtes laga Ida og "lyskasterne" og laget Kattelykke. Kattelykket var eit blandingslag frå Radøy med spelere mellom 15-26 år.

Finalen var spennende og heile tre sett måtte til for å kåre vinneren, og til slutt gjekk Ida og "lyskasterne" av med sigeren.

Ein spelere som utmerka seg var 26 årige Aziz Usmanov frå laget Kattelykke. Han vart kåra til årets stjarnespiller for sitt engasjement, lagspill og dyktighet. Aziz skapte samhold i laget og motiverte dei andre på laget.

Mellom 300-400 deltok på turneringa både som spelere og publikum. Ungdomsklubben er storfornøyd med oppmøte og ein veldig vellykka turnering som skal gjentas neste år.

Ungdommene hadde kontroll og var ungdomsvakter, stod i kiosken, hadde kontroll på sekretariatet og var dommere.

Dei viste eit stort engasjement og imponerte både ungdomskoordinator men også deltakere.

Bilde 1: 1 og 2 plass

Bilde 2: Ungdomsvakter: Kristin Vågenes, Maria Rye og Elisabeth Marøy

Mvh

Katarina Birkeland

Ungdomskoordinator i Radøy